

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Det er positivt at Fedje kommune har sendt revidert arealdel til kommuneplan på høyring. Dette sikrar at kommunen har eit oppdatert plangrunnlag, med føreseielege rammer for framtidig arealutvikling og vern av verdiar og lokalt særpreg.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at fortetting skjer i eksisterande bygningsstruktur, primært rundt vågane i nord, for å styrke senterutvikling og Fedje sitt særpreg som «landsbyen i havet». Byggesona bør i størst mogeleg grad bli vidareført for å verne om karakteristisk byggemønster og landskapstrekk på Fedje. Utviding av byggesonen og oppdeling av samanhengande grønstruktur er ikkje ønskeleg av omsyn til landskap, strandsone og friluftsiinteresser.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at alle kjente kulturminne vert viste på kommuneplankartet.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at areal for akvakultur ved Hjeltevarden vert revidert i samband med pågåande revisjon av kommuneplanens arealdel.